

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 16.03.2026 kl. 13:00 – 15:15
Møtestad: Digitalt Teams

Til stades: Sven Flo, Jan Henrik Nygård, Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande, Jorunn Frøyen og Tor Olav Sande

Forfall:

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Johan Kristian Myklebust

07/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret gjorde deretter følgjande
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 08/26 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 02.02.26 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

SAK 09/26 ÅRSMELDING 2025

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2025.

- Vedlegg Årsrapport for 2025 frå styret

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Årsmelding datert 31.12.2025 / 16.03.2026 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2025.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

SAK 10 /26 ÅRSREKNESKAP 2025

Det vert vist til styret si årsmelding og årsrekneskap med notar for 2025.

Rekneskapen for 2025 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr. 3.772.267,- mot budsjett på kr. 579.771,-. Resultat etter finans/skatt er kr. 4.067.580,- mot budsjett kr. 171.606,-.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat. Styret kjenner ikkje til at det frå rekneskapen si avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at den framlagde rekneskapen vert fastsett som årsrekneskap for selskapet. Rekneskapen er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

- Vedlegg Årsrapport for 2025 frå styret

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2025 / 16.03.2026 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2025.

Styret si

INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

SAK 11/26 EIGARSKAP GJENBRUKSSTASJON PÅ HAUGEN
(unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

SAK 12/26 NY GJENBRUKSSTASJON I STRYN
(unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

Sign. :

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

SAK 13/26 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status frávær og personale 2025/2026

Periode	31/4-25	31/8-25	31/12-25	28/2-26
1-3 dagar:	0,63%	0,53%	0,60%	0,71%
4-16 dagar:	0,79%	0,48%	0,36%	0,49%
over 16 dagar:	6,37%	5,60%	5,34%	3,17%
Totalt frávær:	7,79%	6,61%	6,29%	4,35%

Utfyllande informasjon i møte

Status personale

2. gang utlysing av stillingar

- Renovatør/sjåfør Florø (eksisterande stillingsheimel)

Andre saker

- Tilsyn NSO - Industrivern 16.03.2026
- Kompetanseplan
- 3-årig HMS-plan

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

Moderat sjukefrávær og normal aktivitet gjer at arbeidssituasjonen på hovudanlegget og på dei fleste gjenbruksstasjonane no er normal. Det er tilsett ein vikar på gjenbruksstasjonen i Purkehola i samband med langtidsfrávær.

Bemannings situasjonen på renovasjonsavdelingane på Nordfjordeid og Purkehola vil krevje ekstratiltak komande år grunna mange fedrepermisjonar.

Planlegging av overgang til nytt kundesystem og faktura/rekneskapsprogram er i gang, den nye løysingar skal etter planen vere operativt seinhausten 2026.

NoMil er i dialog med fleire av våre eigarkommunar med tilbod om utvida renovasjon løysingar.

Tilsyn frå Statsforvaltar

Kinn kommune hadde saman med NoMil tilsyn 19. november 2025 knytt til ansvaret til kommunen etter forureiningslova. Statsforvaltaren påpeika at kommunen har ikkje lagt til rette for utsortering og separat innsamling av avfall frå alle fritidsbustader. Kinn kommune sendte tilsvar til Statsforvaltaren den 20.02.2026.

Vedlegg: Tilsvar til rapport frå tilsyn

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.03.2026

Tekstil – status

Ombruk

Movia i Nordfjord og Origod i Florø samlar inn og grovsortering tekstilar frå Fretex sine mottakstårn. Tekstilane vert levert til Sunnfjord Miljøverk for utsending.

Materialgjenvinning

NoMil er i drøfting med Movia om sortering av tekstil til materialgjenvinning.

Movia er positive til vår førespurnad, og NoMil ventar no på tilbakemelding og utkast til avtale.

Utfyllande informasjon i møte

Førespurnad om samarbeid

SIMAS har engasjert selskapet Tell Norge AS i samband med revisjon av sin strategiplan.

I den forbindelse er Sunnfjord Miljøverk og NoMil invitert til drøftingar for å avklare om det er interesse for å utvikle eit meir forpliktande og strukturert samarbeid.

Vedlagt referat frå møte mellom selskapa 9. februar 2026.

Utfyllande informasjon i møte

Gebyrnivå i NoMil

Etter tidlegare førespurnad, vart statistikk på gebyrnivå i regionen presentert

NoMil sitt standardgebyr i 2026 er på kr. 5.181,- som er 2% lågare en snittet på kr. 5.284,- i regionen frå og med Nordhordland til og med Sunnmøre.

Møte med kommunedirektørar

Orientering frå møte med kommunedirektørar og kommunalsjefar i eigarkommunane.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--